



«MottakerNavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«UtlandsAdresse»

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Anne Lise Næs	47679967	2022/1506-59	«REF»	09.01.2023

Kunngjering om vedteken detaljregulering Heradstun omsorg- og bustadsenter, 83/32 m. fl. PlanID 20190011

Kvinnherad kommunestyre eigengodkjente 27.10.2022 forslag til detaljregulering for Heradstun omsorg- og bustadsenter, 83/32 m.fl. PlanID 20190011. Plankart og føresegner er datert 03.10.2022, og planomtale er datert 04.10.2022.

Gjeldande reguleringsplan for Vangshaugane, planID 19910001, vert samstundes oppheva. Sjå vedlagt vedtak.

Vedtaket vart gjort på følgjande vilkår:

Støytiltak skal løysast ilag med brukarane og til beste for brukarane.

Kommunestyret si godkjenning kan påklagast til fylkesmannen i Vestland av den som er part eller har rettsleg klageinteresse. Dette i samsvar med reglane i Forvaltningslova kapittel VI, og jf. Plan- og bygningslova (pbl) § 1-9.

Klagefristen er i utgangspunktet 3 veker frå det tidspunkt underretning om vedtaket er kome fram til parten. Sjå elles forvaltningslova § 29.

Detaljreguleringa vert no bindande for alle arbeid og tiltak som blir sett i verk innanfor planområdet.

Me viser til grunneigar sin rett til å krev innløyising, jf. pbl § 15-2, samt til pbl § 15-3 om erstatning for tap ved reguleringsplan. Krav om erstatning for tap ved reguleringsplan må vere sett fram seinast 3 år etter denne kunngjeringa.

Plankart, planomtale, føresegner, m.m. finn de i kommunen sitt planregister, sjå lenke:

<https://www.arealplaner.no/kvinnherad4617/arealplaner/333>

Eventuell klage skal sendast som e-post til post@kvinnherad.kommune.no eller som brev til Kvinnherad kommune, Rosendalsvegen 10, 5470 Rosendal.

Med helsing
KVINNHERAD KOMMUNE

Anne Lise Næs
Planleggjar off. planforslag

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Kopi til:

Anita Lykkja
Anne-Grethe Høisæther
Geir Ove Fosse
Gunhild Kvåle
Erlend Bøyum

Rosendalsvegen 10
Bringedalsvegen 165
Rosendalsvegen 10
Sandvollvegen 76
Rosendalsvegen 10